



Fjordvegen Rute 13 nettmøte med Nye Veier Fredag 18.06.2021 kl 15.00-16.00



Deltakrar:

Frå styret: Sigbjørn Hauge (møteleiar), Bjørn Laugaland, Roald Aga Haug, Kristoffer Amdal, Toralv Mikkelsen, Svanhild Løge Skålheim, Ingvald Torblå

Frå medlemmer: Arnstein Menes, Roy Egil Stadheim

Frå Nye Veier as (NV): Jon Terje Ekeland, Christian Altmann, Finn Aasmund Hobbesland

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Orientering og diskusjon rundt spørsmål som var oversendt NV på førehand. Vedlegg ligg i referatet.

Frå orientering/dialog i møtet:

Finn Aasmund Hobbesland - direktør planlegging og drift Nye Veier innleia og blei supplert av *Christian Altmann* - kommunikasjonssjef Nye Veier.

Orientering om historikk og mål for Nye Veier: Fire punkt i verksemdsstrategien, m.a.: Meir veg for pengane/samfunnsøkonomisk nytte.

Vart etablert i 2016 med mandat om å bygga effektivt, forutsigbart og sikkert. Eit mål er å knyta saman bu- og arbeidsmarknader og korta ned planleggingstid.

Nyleg vedteken NTP gjev dei 11 nye strekningar der fleire strekk skil seg ut i høve opprinneleg portefølje. Innhaldet i omgrepet samfunnsøkonomisk nytte må justerast og inkludera ventetid, rasfare, sesong-trafikkomsyn, mm.

Skal no gjera ein forskjell for folk i distrikta, med nytt ansvar for å jobba med sikring og framkomst.

Prioriteringar blir gjort at styret aleine mellom strekk m.o.t. plan, oppstart og gjennomføring i tid og rom med utgangspunkt i samfunnsøkonomiske nytteutrekningar.

Administrasjonen kan ikkje lova noko om riksveg 13 som pilot før styret har bestemt prioritering.

Finn Aasmund Hobbesland: Opprinneleg portefølje var relativt like trafikksterke hovudvegar, og arbeidet hadde hovudfokus på reduksjon av reisetid. No arbeider dei med t.d. Kvængsfjellet med andre utfordringar der hovudfokus blir samfunnssikkerheit (p.g.a. hyppig vinterstenging og svært lang omkøyning.)

I høve riksveg 13 ønskjer regjeringa noko meir, m.a. pilotstatus m.o.t. drift/vedlikehald. Fram til no har Nye Veier kun arbeidd totalprosjekt for nye vegar. Opprinneleg ønskte NV riksveg 13 heilt frå Tau, men reduksjon i lengde gjev noko meir investeringsmidler for eit kortare strekk.

Kvart tildelte strekk skal gjennom same prosess i tre fasar frå utredning til utbygging, og alle strekk skal behandlast likt. Alle strekk som er nye vil måtte konkurrera med strekk som allereie er i porteføljen. Rv 13 kjem inn i start til utgreiing som alle andre nye strekk.

Perspektiv framover: NV har signert avtale med regjeringa for fem år, slik at regjeringa forventar at planen går vidare.

Finansiering pr år er ikkje føreslått auka sjølv om porteføljen er auka.

Spørsmålsrunde:

Svanhild Løge Skålheim: Eksisterande reguleringsplanar som ein har lagt mykje ressursar i å utvikla, har desse noko nytte?

Svar: Hovudsakleg er erfaringa at alle reguleringsplanar blir omarbeida, då i samråd med dei berørte kommunane som regulantar. Alle prosessane startar med dialog med berørte kommunar. Dette går under vurderinga av strekket sin mogenheit.

Roy Egil Stadheim: Vikafjellet og ansvaret for vedlikehaldet:

Svar frå Nye Veier: Til no har det kun overtatt drift/vedlikehald av nybygde strekk. NV skal i dialog med staten om overtaking av drift/vedlikehald av eksisterande vegar.

NV må utforma ein heilskapleg oppgraderingsplan for rv 13 der tunnel gjennom Vikafjellet nok ikkje er med. Tunnel må inngå i i eit langsiktig investeringsløp. NV ønskjer heilskaplege løysingar.

Bjørn Laugaland: NV er og velkomen på besøk med dialog i Hjelmeland som ligg sør for bestemt strekk.

Toralf Mikkelsen: Minner om kaoset ein ventar på Rv 13 nord for Kinsarvik no når sommaren kjem.

Roald Aga Haug spurde om allerede løyvde midlar inne i Statsbudsjettet 2021, og at SVV får gjennomføra planlagt aktivitet.

Nye Veier svarar at overføring må avklarast først. Dei ser det som naturleg at SVV gjennomfører anlegget Kinsarvik-Kyrkjenes.

Haug: Kinsarvik - Bu. Korleis vert slike strekkingar med problem med framkomst i sesong og manglande beredskap.

Nye Veier: Må leggja til grunn heilskapleg plan for Rv13. Ambisjonen er å jobba med kommunane/fylka og ilag vurderer kva utfordringar ein skal ta fyrst og kvar ein då bør starte. Nye veier sin jobb er å kartleggja stader med høgast effekt, der dei vil løysa dei største problema først.

Roald Aga Haug. Det er uakseptabelt om Kinsarvik-Bu må venta i 10-20 år til før utbetring. Det ligg også forventingar til rassikringsprosjekt som er avsett i ny NTP.

Dert må og nemnast utfordringar i høve nasjonal turistvegstatus i sør rundt Låtefoss, eit trafikkalt mysterium med stor tungtrafikk og ekstrem sommarturist-trafikk.

I sør er det synd at Brattlandsdalen ikkje kom med.

Nye Veier håpar at SVV gjennomfører alle sine planlagde prosjekt (ref førre NTP + stasbudsjett). Vidare har NV mål om å få gjennomført større prosjekt enn dei som allereie er planlagt.

Ingvald Torblå: Påpeiker vinter-/vårutfordringar med høg fare pga ras og låg standard på andre delar av Rv13 lengre sør.

Nye Veier v/ Jon Terje Ekeland orienterte om deira gjennomføring av planprosess med oppstart der ein innhentar synspunkt og fakta frå tunge interessentar og samlar kunnskap. NV må ha overlevingsavtale med Statens Vegvesen, så skal prosjektet inn i eigarstyringsmodellen deira.

Riksveg 13 sine funksjonar er grovt sett lokal- og regionalveg (næring/lokalbefolkning) samt turistveg.

NV må skapa eit målbilete for Rv 13 for ein minstestandard som skal oppnåast.

Vikafjellet er nemnt i Stortinget og får merksemd. Eit mål er å kunne få Vikafjellet inn i neste periode ved neste NTP-revisjon.

Steg 1 omfattar:

- å setta seg inn i alt planarbeidarbeid og anna arbeid gjort på kvar stad
- gjennomgå føringane frå samferdselsdepartementet og ministeren
- sjå på arbeid gjennomført av SVV samt deira plangrunnlag
- samla informasjon frå alle dei "tunge" interessentane

Målet er å finna ut korleis ein skal arbeida for å gjennomføra på beste og meste effektive måte. Når Nye Veier inngår overtakingsavtale med SVV, får dei tilgang på alt dei har gjort fram til no.

Steg 2 er å samla all informasjon og strukturera det materialet for å førebu :

- kva er utfordringane?
- kva kan me løysa?
- korleis får me mest ut av midlane?
- kva veg er dette? (Nasjonal Turistveg / Riksveg / Regional veg)

Steg 3 er i fellesskap med kommunen og fylket laga eit målbilete for vegen og kvar den skal vera om X år. Kva er minste standard?

Nye Veier tek sikte på å utarbeida ein langsiktig plan i dialog med kommunar og Fjordvegen Rute 13.

Arnstein Menes: Takkar for dialog og lytting og dette møtet i regi av Fjordvegen. Det er ønskjeleg at Fjordvegen bidreg til å organisere tur då dei representerer alle kommunane langs Rv13.

Det er arbeid på gang også i Sogn, og er sjølvsagt veldig spente på korleis dette kan bli ein heilskap.

Sigbjørn Hauge: De kjem på synfaring til Rv13 i veke 26. Me ber om tidsplan for turen og at me kan organisera besøk og synfaring i våre respektive kommunar.

Møtet slutt kl 16.00

Jostein Eitrheim
Referent.